



Ingeniør Aarland AS
Leikvangvegen 32 b
5111 Breistein

Referanser:

Dykkar: 59614c2d-09a6-492a-a40d-
53684b30e5fc

Vår: 23/380 - 23/5540

Saksbehandlar:

Rolf Martin Raknes

rolf.martin.raknes@fedje.kommune.no

Dato:

16.11.2023

Vedtak i byggesak Gbnr. 168/47 Steinborg - Endring av bygg - fasade

Administrativt vedtak, Saksnr : 046/23

Saksutgreiing:

Byggeplass : Gnr. 168, bnr. 47

Type arbeid : Fasadeendring . bruksendring

Tiltakshavar : Feddie Ocean Distillery

Ansvarleg søkjar : Ingeniør Aarland AS

Ansvarleg prosjekterande :

Samnøy Maskin AS – Betongarbeid,tømrerarbeid – insetting av vinduer 2.etg.

Bergen Air AS – Installasjon ventilasjon i maltlager/tapperi 2etg.

Ansvarleg utførande :

Samnøy Maskin AS – Betongarbeid,tømrerarbeid – insetting av vinduer 2.etg.

Bergen Air AS – Installasjon ventilasjon i maltlager/tapperi 2etg.

Om tiltaket :

Søknaden gjeld fasadeendring med innsetting av 3stk vinduer 120x120cm i gavelvegg mot syd mot parkeringsplassen. Etter det har søknaden blitt supplert med opplysningar om endra bruk av lageret der vinduer skal setjast inn. Det inneber installasjon av ventilasjon og bruksendring frå «lager» til «lager med tapperi».

Kommuneplan / reguleringsplan :

Reguleringsplan for Stenborg deler av Gnr.168

Nabovarsel :

Kvittering for nabovarsel er levert.

Ansvar :

Erklæringar om ansvarsrett er levert. Erklæringane dekker all prosjektering og utføring.

Utforming av tiltak og visuelle kvaliteter :

I § 29-1 i plan- og bygningslova (pbl) står det følgjande :

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det får en god arkitektonisk utforming i samsvar med sin funksjon etter reglene gitt i eller i medhold av denne lov

I § 29-2 i plan- og bygningslova (pbl) står det følgjande :

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.

Vurdering

I gjeldande reguleringsplan er arealet avsett til industri. Omsøkte tiltak vil ikkje avvike frå dette.

Dette industribygget er plassert i del av det som må sjåast på som del av eit sentrum. Det er difor viktig at nye tiltak byggjer opp om gode arkitektoniske utformingar. Vurderer her at innsetting av vindauge er med på å bryte opp det visuelle inntrykket som ein stor murt veggflate gjev. (Ref krav til visuelle kvalitetar over) Samstundes vil vindauga gje dagslys inn i lokalet på den delen som tapperiet skal stå. At lokalet innanfor skal endre bruk til kombinert lager og produksjon (tapperi) gjev, som ansvarleg søkjar peiker på, nye krav til ventilasjon og brannsikring/rømming. Det er framlagt dokumentasjon på at dette er ivareteke i prosjekteringa og vil verte ivareteke i gjennomføringa, samt at det følgjer løyve frå arbeidstilsynet. Ein gjer merksam på det ansvar som her ligg til søkjar og tiltakshavar i prosjektet. (Sjå vilkår i vedtak).

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova (pbl) § 21-4 vert det gjeve følgjande vedtak i saka.

Ingeniør Aarland AS får løyve til fasadeendring og bruksendring i samsvar med søknad, erklæringar om ansvarsrett og saksutgreiinga over. Feddie Ocean Distillery er tiltakshavar.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

Bruksendring er gjeve på vilkår av at alle relevante krav som følgjer av plan og bygningslova kap 31 vert stetta. (Omsyn til ventilasjon, branntryggleik m.v)

Med helsing

Rolf Martin Raknes
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|----------------------------|-----------|------|-------|
| Feddie Ocean Distillery As | Kopper 13 | 5947 | Fedje |
|----------------------------|-----------|------|-------|

Mottakarar:

| | | | |
|---------------------|-----------------------|------|-----------|
| Ingeniør Aarland AS | Leikvangvegen 32 b | 5111 | Breistein |
|---------------------|-----------------------|------|-----------|